# Søkar

## Institusjonsopplysningar

| | |
|---|---|
| Institusjonsnamn | Voss bibliotek |
| Institusjonens e-postadresse | bibliotek@voss.herad.no |
| Postadresse | Evangervegen 6 |
| Postnummer | 5704 |
| Poststad | Voss |
| Kontonummer | 32014670954 |
| Leiar av institusjonen | |
| Førenamn | Ritha |
| Etternamn | Helland |
| Telefon | 95 262 005 |
| E-post | ritha.helland@voss.herad.no |
| Er leiar av institusjonen kontaktperson for tiltaket? | Ja |

# Tiltak

## Beskriv tiltaket

| | |
|---|---|
| Namn på tiltaket | Lesarsørvis - eit felles språk for å strukturera og profesjonalisera rolla vår som formidlarar |

| | |
|---|---|
| Mål for tiltaket | Dei siste åra har Lesersørvis som formidlingsmetode blitt omsett frå engelsk og tilpassa norske høve. Me ynskjer gjennom eit halvår å lære alle tilsette i biblioteka i Voss å bruke denne metoden til formidling. Eit tydeleg mål er at me gjennom å ta i bruk metoden for å strukturera og profesjonalisera rolla vår som formidlarar.<br>Konkrete mål i prosjektet:<br>- Auka tal på formidlingstiltak. Hentar tal frå eiga statistikkføring.<br>- Auka tal på lånarar. Hentar ut tal frå biblioteksystem, samanliknar med same periode føregåande år.<br>- Auka tal på utlån av bøker/ medier me formidler. Måler dette med å hente ut statistikk frå biblioteksystemet. |

Beskriving av tiltaket

Voss bibliotek ynskjer og har som mål å være nytenkjande i korleis me skal drive aktiv formidling. Me vil gjere dette gjennom å ta i bruk metoden Lesersørvis som vil gje oss eit felles språk og omgrepsapparat. Metoden vil me bruke i all vår formidling for å betre nå fram til alle.

Me knyter prosjektet til Kulturplan for Voss kommune 2015 – 2025 med målet: Biblioteket skal driva aktiv litteratur og kulturformidling og tiltaket: Gje gode leseopplevingar, fremja leselyst og lesedugleik.
Me knyter også prosjektet til den nasjonale bibliotekstrategien: «Målet er videre at folkebibliotek skal bygge erfaringer, kompetanse og teste ut nye metoder for formidling, som på sikt kan inngå i bibliotekenes daglige drift. I et langsiktig perspektiv skal aktiv formidling av bibliotekenes innhold bidra til å styrke bibliotekene som folkeopplysnings- og dannelsesinstitusjoner, samt nå ut til nye brukere.»

Dei siste åra har Lesersørvis som formidlingsmetode blitt omsett frå engelsk og tilpassa norske høve. Me ynskjer gjennom eit halvår å lære alle tilsette i biblioteka i Voss å bruke denne metoden til formidling. Eit tydeleg mål er at me gjennom å ta i bruk metoden for å strukturera og profesjonalisera rolla vår som formidlarar.

Å lære seg, utvikle og ta i bruk nye metodar er ressurskrevjande. Støtte frå Bibliotekutvikling vil gjere det mogeleg for oss å sette inn vikar slik at det blir opning for at bibliotektilsette får arbeide med dette utviklingsarbeidet i fellesskap.

Og når me her seier formidling, så meiner me all formidling. Både ein-til-ein møte med biblioteksbesøkande, i formidling til grupper, barnehageborn og skuleelevar. Og i all digital formidling på heimesider, i sosiale medier og i podkasten vår. Ein viktig del av prosjektet vil også vere å nå ut til dei me ikkje når ut til i dag.

Me deler inn prosjektet i ulike fasar:

Første fase - Læring
Me set av tid og frikjøper alt personale ein time i veka i 12 veker der me saman arbeider og lærer metoden, med kurs og praktiske øvingar. Me arrangerer også eit halvdagsseminar/arbeidsmøte der me inviterer ressurspersonar som har arbeidd med metoden til å dele erfaringar og tips via teams.

Andre fase - Praksis
Lesersørvis har no blitt vårt verktøy, vår måte å snakke om innhaldet i samlingane våre på. Me vil i denne fasen bruke den aktivt til å formidle til dei som allereie brukar biblioteket, er innom heimesidene våre, følgjer oss i sosiale media eller lyttar til podkasten. Me arbeider saman om å bruke metoden til å lage innhald til digitale plattformar.

Tredje fase - Utettervend
I denne fasen skal me bruke metoden til å nå dei som ikkje kjenner oss. Her vil bibliotektilsette samarbeide med og oppsøke lokale verksemder/organisasjonar og drive formidling til tilsette, til dømes som ein oppsøkande litterær lunsj. Me har som mål at me skal ha tre slike i løpet av prosjektperioden. Me vil også lansere ei vekentleg/månadleg spalte i lokalavisa, her vil me ha som mål å lage fem spalter i løpet av prosjektperioden. I tillegg vil me lage ein flygebrevkampanje med qr-kode til eit digitalt nyhendebrev der me nyttar Lesersørvis som metode til å formidle innhaldet i samlingane våre.

Plan for vidareføring av prosjektet etter endt prosjektperiode: Bibliotektilsette har gjennom året med arbeida i prosjektet og fått erfaring og kompetanse i bruk lesersørvis som metode i formidlingsarbeidet. Metoden er innarbeida og er ein del av korleis me til dagleg arbeider med og har fokus på formidling.

## Samarbeidspartnarar

| | |
|---|---|
| Har du samarbeidspartnar(ar)? | Ja |
| | |
| Namn | Avisa-Hordaland, Voss herad, Lokale organisasjonar og verksemder |
| Beskriv samarbeidet | Me planleggjer mellom anna å lage ei avisspalte der me brukar Lesersørvis som metode til å formidle innhald frå samlingane våre. Me planlegger litterære lunsjar i samarbeid med Voss herad og lokale organisasjonar/verksemder som mellom anna skal gå føre seg i Tinghuskantina og lunsjromma til organisasjonane/verksemdene |

# Budsjett

## Inntekter

| | |
|---|---|
| Omsøkt beløp frå Nasjonalbiblioteket | 75 000 |
| | |
| Beskriving andre inntekter | Eigenandel/eigeninnsats |
| Beløp | 75 000 |
| | |
| Samla inntekter: | 150 000 |

## Utgifter

| | |
|---|---|
| | |
| Beskriving andre utgifter | frikjøp av personale |
| Beløp | 150 000 |
| | |
| | |
| Beskriving andre utgifter | |
| Beløp | |
| | |
| Samla utgifter: | 150 000 |

## Inntekter - utgifter

| | |
|---|---|
| | 0 |